

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3862 - 19/19146

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

19.06.2019

Helseverngodkjenning av Prestmarka barnehage avd. Solhall 1

Den 8.3.18 søkte Radøy kommune om plangodkjenning for å bygge om det gamle DPS-bygget i Radøy kommune til barnehage (Prestmarka barnehage avd. Solhall).

Utbygginga var tenkt i 2 trinn der Solhall 1 skulle først stå ferdig, for så og starte på ombygging av Solhall 2. Avdelingane vil vere knytt til Prestmarka barnehage.

I søknad til plangodkjenninga vart det opplyst at avdeling Solhall (Solhall 1 og Solhall 2) skal totalt ha 140 barn mellom 0 – 6 år. Plangodkjenning vart gitt den 8.5.18 (vår ref. 14/3862 – 18/15014).

På sikt skal alle i Prestmarka barnehage nyttre dei renoverte lokalane i det gamle DPS-bygget.

Det vart opplyst i korrespondanse med styrar Rita Amundsen, at Solhall 1 er nær ferdigstilt og klar for innflytting. Søknad om godkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» er datert og motteke 13.6.19 (vår ref. 14/3862 – 19/18645).

Den 17.6.19 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» i Prestmarka barnehage avd. Solhall 1. Inne- og uteareal vart inspisert. Internkontrollen vil bil vidareført frå Prestmarka barnehage og vil bli sett på ved neste tilsyn.

Tilstade på synfaringa:

Rita Amundsen møtte frå Prestmarka barnehage og Gro Håland møtte frå Bø barnehage. Einar Færø, Stian Marøy og Johnny Saltnes møtte frå Radøy kommune. Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

➤ Heimel

Folkehelseloven, kap. 3 og Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

➤ Tilsyn

På tilsynet vart det opplyst at Bø barnehage vil nytta lokalar i Solhall 1 og 2 i påvente av bygging av ny Bø barnehage. Prestmarka barnehage og Bø barnehage vil vere samlokalisert (inne og ute) dei neste åra i det gamle DPS-bygget (Solhall 1 og 2), inntil Bø barnehage er ferdig (desember 2020).

Renovering av Solhall 2 vil starte opp når nye Bø barnehage er ferdig.

På tilsynet vart det utført synfaring av dei renoverte lokalar i Solhall 1, og uteområdet som er knytt til avdelinga. Synfaring av innemiljø og uteområdet vart utført med omsyn på tryggleiken og forskriftas krav.

Vurdering av areal:

§ 9 i rettleiareten til forskrifta ("Miljø og helse i barnehagen") har sett norm for inneareal.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m^2 for barn over 3 år og $5,3\text{ m}^2$ for barn under 3 år.

Uteområdet bør vere ca. 6 gongar større enn inneareal (* 24 m^2 for barn > 3 år og 33 m^2 for barn < 3 år).

***NB! Endring i «Miljø og helse i barnehagen»:** Areal knytt til store og små barn er bytta om, då små barn treng meir plass grunna dei har vaksne med seg.

Inneareal;

Prestmarka barnehage avd. Solhall 1 har eit leike- og oppholdsareal areal på ca. 387 m^2 , samt eit fellesområde på ca. 71 m^2 (totalt ca. 458 m^2). Arealet utanom fellesområdet er stort nok areal til 97 barn over 3 år. (Solhall 2 har ca. 300 m^2 leike- og oppholdsareal, som er stort nok til 75 barn over 3 år).

Totalt vil det vere ca. 100 barn i avd. Solhall 1 og 2 fram til desember 2020. Inneareal er tilfredsstillande.

Uteleikearealet;

Det er opplyst at uteleikeområdet er på ca. $4\,400\text{ m}^2$, som er tilfredsstillande for 140 barn over 3 år (som det er søkt om i plangodkjenning). Prestmarka barnehage avd. Solhall har tilfredsstillande uteareal.

Avvik/merknad:

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Det vart funne 0 avvik og 2 merknadar.

- Merknad 1: Manglar gjerde og port ved inngangsparti**

§ 14; Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Det er ikkje montert gjerde som skil barnehagens inngangsparti mot parkeringsplassen. Dersom det ikkje kjem gjerde, må det montast sikker lås på dørar, slik at barna ikkje kan opne dei.

Kommentarar:

Gjerde og portar bør monterast for å ta i vare tryggleiken ved levering og henting av barna i barnehagen. Samstundes vert uteleikearealet auka og kan nyttast av barna.

- **Merknad 2: Leikeplassutstyr – klatrestativ er ikkje egna for små barn**

§ 14; Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Det er montert eit klatrestativ som ikkje er egna for barn under 3 år.

Klatrestativ har bl.a. taustige, brannmannsstang, klatrevegg og rutsjerøyr.

Brannmannsstang og rutsjerøyr er av rustfritt stål.

Kommentarar:

Barnehagen/kommunen må syte for at barn under 3 år ikkje kan klatre i klatrestativet.

Det vert anbefalt at rutsjerøyr vert erstatta med sklie, for å hindre uhell/ulykke. Sikringar av opningar på plattforma må vurderast etter behov.

Det bør undersøkast om røyr laga av rustfritt stål er behandla slik at ikke barn kan få frostskadar.

«Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr»

§ 6.Fysiske og mekaniske egenskaper

Utstyr eller deler av metall som kan utgjøre en risiko for frostskader, skal være behandlet eller dekket av materiale som isolerer mot kulde, slik at frostskader unngås.



Rutsjerøyr og brannmannstang er berre egna for større barn. Metallet må vere behandla for å unngå frostskadar

- **Anna**

Det vart observert farlege V-opningar i «gapahuk». På tilsynet vart det sett i verk strakstiltak for å utbetre V-opningar.

➤ Oppsummering og vurdering

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Prestmarka barnehage avd. Solhall 1 oppfyller vilkåra for godkjennning.

Tilsyn og vurdering av barnehagens IK-system vil bli utført hausten 2019, etter nokre månaders drift.

➤ Vedtak

Prestmarka barnehage avd. Solhall 1 godkjennast med heimel i § 6 i «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» for inntil 97 barn over 3 år.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamsetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

Godkjennung er gitt med bakgrunn i synfaring på barnehagens inne- og uteområde den 17.6.19.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjennung.

➤ Tilbakemelding på merknadar

Det vart påpeikt 2 merknadar på tilsynet.

Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på merknadar innan **15.08.19**.

Tilbakemelding sendast til **mjge@lindas.kommune.no**, eller **Lindås kommune ved Miljøretta helsevern, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø**.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune). Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

Link:

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-07-19-703>

Kopi til:

Bø barnehage

Einar Færø

Jarle Landås

Olaf Michal Hella

Radøy kommune

Stian Marøy